



|

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1413-1

Sakshandsamar: Elisabeth B Spockeli

Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Formannskap

Drift av Lastein Bryggjekafé

Saksframlegg godkjent 03.10.2024.

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kulturBakgrunn for saka

Formannskapet har bedt om saka til gjennomsyn.

Saksutgreiing

Den noverande leigeavtala for drift av Lastein Bryggjekafé går ut i 2024, og på bakgrunn av dette må ei ny leigeavtale lysast ut. Kaféen utgjer ein viktig del av turisttilbodet ved Lastein bryggje og spelar ei sentral rolle for både lokale og tilreisande.

Dalen har stor sesongvariasjon, med toppar i turismen i sommarmånadene og rolegare periodar utanom høgsesongen. På grunn av dette er det viktig å ikkje leggje for strenge føringar for opningstidene til kaféen. Drivar må ha fleksibilitet til å tilpasse opningstidene etter marknadstilhøva, og dei må difor leggje fram forslag til opningstider som del av søknadsprosessen.

Konklusjon

Lastein Bryggjekafé har potensial til å vere ein viktig del av turisttilbodet i Tokke kommune, og vi ønskjer derfor å sikre ein stabil driftsmodell gjennom ei langsiktig leigeavtale. Det er viktig at Lastein Bryggjekaféen tilbyr god kvalitet på mat og drikke, og at kaféen vert driven på ein måte som er i tråd med berekraftige og miljøvennlege prinsipp.

Krav til drivar inkluderer evne til å skape eit godt omdømme for Lastein Bryggjekafe og sikre god økonomisk styring. Leigetakar vil ha ansvar for drift, innvendig vedlikehald og forvaltning av uteareala i tråd med fastsette retningslinjer. Utleigar (Tokke kommune) vil ha ansvar for ytre vedlikehald.

Ein bere formannskapet å vurdere om det skal vere ei husleige utover renovasjon, kommunale avgifter og straum.

Kommunedirektørens tilråding

Formannskapet samtykker i utlysningstekst.